



**Retningslinjer for Stevneprisen og Show- & oppvisning under barnekretsturnstevnet**  
Stevnearrangøren arrangerer hvert år i samarbeid med MRGTK oppvisningskonkurranser under barnekretsturnstevnet.

## 1 Stevneprisen

Alle deltagende lag på barnekretsturnstevne deltek med eit stevneprisprogram.

### Kriterium for Stevneprisen:

- Tid: Det er ei tidsramme på maksimalt fem minutt frå musikkstart til musikkslutt. Viss innmarsj og utmarsj er til musikk er dei inkluderte i tidsramma, men ein kan også velje å ta inn- og utmarsj utan musikk.
- Alder: Variasjon i alder (6 år til 18 år) er ønskt. Alle gymnastar frå det deltagende laget skal delta i stevneprisprogrammet.
- Innhald: Programmet skal speile barnekretsturnstevnets tema. Element av gymnastikk og turn skal visast i programmet, frå flest moglege ulike greiner. Bruk NGTFs materiell for greinene til å finne øvingar og tips. Koreografi, musikk, fantasi, originalitet, mangfald og aktivitet er også viktige aspekt.
- Framføring: Ha fokus på gymnastikk- og turnkvalitetar som strekk og stil, saman med smil, humor, utstråling og engasjement.
- Utstyr: Skum- apparat, gymleik-, RG- apparat, matter, airtrack /airfloor, trampett kan brukast, arrangerande klubb gir informasjon om tilgjengeleg plass og utstyr. I nokon grad kan rekvisittar/kulissar brukast for å understreke tema. OBS! Laget har sjølv hovudansvar for å ta inn og ut dei apparata dei brukar.
- Sikkerhet: Programmet skal vere tilpassa nivået til gymnastane og dei skal kunne gjennomføre programmet i størst moglege grad utan hjelp og sikring av trenarar. Einaste unntak er ved bruk av trampett, der kravet om trampettsikringskurs til mottakar må bli ivaretatt.

## 2 Show- & oppvisning

I tillegg til stevneprisprogrammet kan kvart deltagende lag stille med ein eller to troppar i Show- & oppvisning. Same gymnast kan ikkje vere med i to Show- & oppvisningstroppar.

### Kriterium for Show- & oppvisning:

- Tid: Det er ei tidsramme på maksimalt tre minutt frå musikkstart til musikkslutt. Viss innmarsj og utmarsj er til musikk er dei inkluderte i tidsramma, men ein kan også velje å ta inn- og utmarsj utan musikk.
- Alder: Det kan vere aldersblanding eller same alder i troppen, fra 6 år til 18 år.
- Innhald og framføring: I show- & oppvisningskonkurransen er det ikkje krav om at programmet skal speile barnekretsturnstevnets tema. Det kan vere eit tema for programmet, men det er element av gymnastikk og turn som skal vere hovudinnhaldet i programmet. Det skal bli lagt vekt på koreografi, musikk, fantasi, originalitet, mangfald og aktivitet, samt turnkvalitetar som strekk og stil, smil, humor, utstråling og engasjement.

- Utstyr: Småapparat er tillatt. I nokon grad kan rekvisittar/ kulissar brukast for å understreke tema.

### 3 Organisering

Troppane skal få treningstid på oppvisningsfeltet før arrangementet startar og oppvarmingstid i eit oppvarmingsområde som bør vere direkte forbunde med oppvisningsområdet. Det skal lagast ein tidsplan for oppvarming og trening. Informasjon om dette skal sendast i infobrev til troppane.

Oppvisninga startar med innmarsj og presentasjon av laga.

Det er ønskeleg at ein representant frå Møre og Romsdal gymnastikk- og turnkrets opnar arrangementet.

Laga presenterer programma sine, arrangøren bestemmer rekkjefølgja.

Show- & oppvisningstroppane kan enten vise sine program mellom stevneprisprogramma eller arrangøren kan velje å samle Show- & oppvisningsdelen i starten eller slutten av arrangementet.

Alle deltakarane får deltakardiplom og deltakarmedalje, arrangøren har ansvar for å skaffe diplom. Kretsen har ansvar for å skaffe deltakarmedaljar.

### 4 Tilbakemelding frå synsarane

Kvart lag skal stille med ein synsar. I tillegg kan kretsleder eller den som representerer kretsstyret på barnekretsturnstevne stille som synsar. Synsarane skal vere personar med grundig kunnskap til basiskrava i gymnastikk og turn som dommarar, trenarar, hjelpetrenarar, gymnastar eller tidlegare gymnastar.

Kvar synsar skriv skriftleg tilbakemelding til laga der positive aspekt ved programmet skal stå i fokus. I tillegg kan synsarane skrive eit forbettringsforslag til neste års program.

Arrangør er ansvarleg for at klubbane får denne tilbakemeldinga.

Det er ønskeleg at det blir arrangert eit kort synsarmøte i forkant av arrangementet for å lese gjennom kriterium, dele ut synsarlappar og bli einige om gjennomføring. Arrangør stiller med lokale og organiserer synsarmøtet.





## Synsarlapp

Tilbakemelding til:

Synsar:

### Dette var bra:

	Kommentar
teknisk kvalitet	
originalitet, variasjon	
aktivitet og underholdningsverdi	
utstråling og engasjement	
helhetsinntrykk (tema, musikk, kostyme, koreografi)	

**Forbetringsforslag til neste år:**